



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for desember 2023.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK  
12713

Årgang  
59



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Ove Midtflø  
Visepresident: Astrid Velle  
Styremedlem: Svein Dag Slettebakk  
Sekretær: Bernhard Harkjerr  
Kasserar: Hanne Rognan  
Past pres: Idar Flø  
Ansv.red.: Øystein Alme  
Referent: Odd Arne Holstad

---

---

Jeg tenner lys  
for barn som våkner opp aleine  
for de som gråter i krigens lange natt  
For de som måtte sovne uten mamma  
De som ikke våkner i det hele tatt  
For ti tusen unge søvnløse øyne  
Som våker skemt i frykten for alarmer  
For de som drømte drømmer midt på dagen  
Som døde ligger tungt i pappas armer  
For en ende på hvert bombereng, hbert traume  
For hvert et spedbarnshåp som nå har sluknet  
For alle oss som står på land og speider  
Etter menneskelighet  
Som forliste, sank og druknet  
For alt vi aldri nå vil få tilbake  
For brente broer som aldri bygges opp  
For oss som stille stod og så det hele  
Som ikke reiste oss i tide og sa stopp

Trygve Skaug

---

## Referat frå Rotarymøte 4. desember 2023.

Denne kvelden var det ope møte på Biblioteket. Augelege Frode Gausted heldt foredrag om synsfunksjonen/auget, og ulike augeskader/sjukdomar som kan påverke synsfunksjonen. Lege Vidar Vollsæter var også tilstades og supplerte Gaustad..



## Referat frå Rotarymøte 11. september 2023.

Denne mandagen var det omvisning i den nye produksjonshallen til Odim på ytre Hareid. Daglig leiar Stian Garnes ynskter velkomen og orienterte om bedrifta generelt og den nye hallen spesielt. Salgssjef Einar Varholm supplerte Garnes. Garnes opplyste at bedrifta pr dato har 55 tilsette på Hareid, herav 6 lærlingar. Budsjettert omsetning for 2023 er 180 mill. Prognosene pr dato tyder på at det totale salget vil ende på ca 170 mill. Utsiktene for 2024 karakteriserte han som gode. Hovedproduktet er hydraulikkaggregat for maritim sektor. Alle desse er kundetilpassa produksjon. I tillegg til hovudproduktet leverer dei også spesialprodukt til oppdrett, fiskeri og ferger. Ettermarknaden er viktig for bedrifta. Den utgjer ca 35% av omsetninga. Bedrifta har serviceavtale som omfattar alle dei 80 fergene til Fjord 1 og 42 ferger eigd av Boreal. All serviceverksemd er no flytta frå Saunesmarka til den nye hallen på Hareid. Handtering av containerar for Global/Hareid kommune er ein nisjeaktivitet og utgjer ca 1 mill i omsetning pr år.

Besøket hos Dimo vart avslutta med ei omvisning i den nye hallen med tilhøyrande admndel. Samla areal utgjer ca 2350m2 og totalkostnaden er på ca 45 mill.

## **Referat frå Rotarymøte 18. desember 2023.**

Tradisjonen tru vart det på årets siste Rotarymøte servert lutafisk og mør. Presidenten ynskte velkomen. Spesielt ynskte han Sten Øvrelid m/kone og Peder Alme velkomen. Dei har vore til uvurderlig hjelp i å vedlikehalde rotarystien. Deretter fekk presten vår, Lars Hartvig Tangedal ordet. Han las frå heftet «I de dager» Temaet var Josef og Maria og Jesu fødsel. Så var det klart for servering av velsmakande lutafisk, alternativt mør. Stor takk til festkomiteen m/Harald og Jørn i spissen for eit framifrå måltid. Til slutt ynskte presidenten vel heim og ei god jul til alle dei 46 frammøtte.